

Då vert det cruiseskip på fjorden likevel.

15.06.2020



Eit av Sea Dream sine to skip som kjem til Rosendal i sommar.

**I januar måned var det meldt inn 17 cruiseanløp til Rosendal, dei største med plass til over 1200 passarsjerar. Koronasmitten sette ein stoppar for det og alle anløpa vart avlyste. No vert det likevel turistskip å sjå på fjorden frå det norskeigde rederiet Sea Dream Yacht Club med to mindre skip, som kvar har 112 gjester ombord og med eit mannskap på 90.**

I skrivande stund er det meldt inn over 20 anløp. Reiseselskapet legg opp til 7, 9 og 12 dagars cruise. Avreisehamner er Bergen og Oslo og ein er innom plassar som Oslo, Stavanger, Bergen, Flåm, Olden, Geiranger, Ålesund og Rosendal.

Begge skipa frå Sea Dream vil vera innom Rosendal på tilsaman 21 dagar i sommar. På to av dagane vil begge skipa vera i Kvinnherad på same tid. Dette er cruise i høg prisklasse og med høg kvalitet på alle tenestene ombord.

Med dette er de von om å sjå vakre skip sigla framom Uskedalen til og frå Rosendal.

Tekt/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Sea Dream Yacht Club